Norges vassdrags- og energidirektorat

NVE

Gravdal Kraft AS
v/ Arne Gravdal
Holten 11
6800 FØRDE

Vår dato: 11 MAI 2010
Vår ref.: 200800204-17 ki/kima
Arkiv: 312 / 084.CA3
Dykkar dato:
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Kirsten Marthinsen
22 95 92 34

# Gravdal Kraft AS - søknad om bygging av Gravdal kraftverk i Førde kommune, Sogn og Fjordane. Oversending av høyringsfråsegn og krav om tilleggsundersøking

Vi syner til dykkar søknad datert 1.2.2010, med høyringsfrist 26.3.2010. Vedlagd følgjer kopi av høyringsfråsegn frå:

1) Sunnfjord Energi AS

2) Statens vegvesen Region vest

3) Sogn og Fjordane Turlag

4) Førde kommune

5) Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

6) Sogn og Fjordane fylkeskommune

Vi ber om dykkar kommentar til fråsegna. Dei må gåast nøye igjennom, og alle relevante merknader skal kommenterast, så som vurdering av storleik på minstevassføring og eventuelt andre naudsynte avbøtande tiltak.

Vi synes elles til at fylkesmannen i Sogn og Fjordane i si høyringsfråsegn påpeiker at det er behov for meir kunnskap om sannsynleg reirlokalitet for hubro i eller i nærleiken av utbyggingsområdet. Hubro er ein sterkt trua art som er svært sårbar for uroing i hekketida. Naturmangfoldlova legg opp til ein kunnskapsbasert forvaltning, jf. §§ 8 og 9. NVE meiner det er naudsynt med meir kunnskap for å kunne ta ei avgjerd i saka. Undersøkinga må ha som mål å klargjere om det finst hubro i området rundt Ytre Gravdalsgjelet, samt å kartfeste eventuelle reirlokalitetar.

Dette kravet om tilleggsinformasjon med nødvendige undersøkingar har heimel i vassressurslova § 23, 2. ledd. Krava er av prosessuell art og ikkje enkeltvedtak som kan påklagast.

Med helsing

| | |
|---|---|
| Øystein Grundt<br>seksjonssjef | Kirsten Marthinsen<br>avdelingsingeniør |

| | |
|---|---|
| Kopi: | Hermod Seim, Åsavegen 53, 6823 SANDANE |
| Kopi utan vedlegg: | Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER |

[redacted]